



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 13.12.2019
Dykkar dato: 18.11.2019
Vår ref: 2019/21828
Dykkar ref: 19/1937

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Lindås - 195/88 - Leiknes - flytebrygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 18.11.2019. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealformål i kommuneplan og byggegrense mot sjø i forbindelse med etablering av flytebrygge på 2x6 meter. Egedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som fritidsbustad og LNF-føremål. Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formål på land, bruk og vern av sjø og vassdrag og byggegrense mot sjø. I kommuneplanen ligg det også ei omsynssone i sjø, sannsynlegvis omsyn naturmiljø (H560). Lengre inne i bukta ligg eit friluftsområde i sjø.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Lindås ligg i sone to i Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø, der arealpresset er stort. Vi viser til Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) der det mellom anna står:

«Det er et nasjonalt mål at strandsonen skal bevares som natur- og friluftsområde tilgjengelig for alle. Regjeringen ønsker en strengere og mer langsiktig strandsoneforvaltning. Det er derfor nødvendig med en streng praksis ved behandlingen av dispensasjoner i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbudet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjøen veier tungt. Det skal svært mye til før dispensasjon kan gis til bygging her, spesielt i områder med stort utbyggingspress»

I denne saka er Fylkesmannen uroa for uheldig presedensverknad ein dispensasjon i denne saka kan få for liknande saker. Vi kan ikkje sjå at det føreligg nokon særlege tilhøve som skil denne saka frå andre liknande saker. Fylkesmannen meiner at ein må prøve å finne fellesløysingar, heller enn at kvar egedom skal ha si flytebrygge, jf. statlege planretningsliner for ei differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Dette er eit arbeid som bør gjerast i arbeid med kommuneplanen.



Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til flytebryggje i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg myndighet har uttala seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent